



Vår saksbehandlar
Torbjørn Takle – tlf 57 72 32 12
E-post: tta@fm-sf.stat.no

Vår dato
15.08.2003
Dykkar dato
03.06.2003

Vår referanse
03/6438 -2/ 522.4
Dykkar referanse

Landbruksdepartementet
Postboks 8007 Dep.
0030 Oslo

Landbruksdepartementet	
Saksnr.: 2003 / 1018	Doknr.: 11
Mottatt: 20 AUG 2003	
Saksbeh.: MP/SPH/LAE	Ark.: 852
Kopf:	Avskr.:

Høyringsuttale til evaluering av handlingsplan for redusert risiko ved bruk av plantevernmidler

Vi viser til brev av 03.06.03, der vi blir bedt om innspel til *Evaluering av handlingsplan for redusert risiko ved bruk av plantevernmidler (1998-2002)*. I det vesentlege vil kommentarane gå på målsetjingar og tiltak som er foreslått i den nye handlingsplanen.

Vi er samde i at målsetjinga om 25 % risikoreduksjon for perioden 1998-2004 er nådd. Sameleis er vi samde i at trenden går i positiv lei når det gjeld restar i næringsmiddel, og funn i miljøet. Siste åra har det i vårt distrikt vorte vesentleg større forståing for kor viktig det er å bruke og oppbevare plantevernmidla på rett måte, og dette har gitt resultat. Det er grunn for å tru at den positive trenden vil halde fram dersom ein held motivasjonen oppe og aukar kunnskapen gjennom ein ny handlingsplan.

Handlingsplan 2004- 2008

Målsetjinga om nye 25 % reduksjon i risikoen for helse og miljøskader i planperioden 2004-2008 er ambisiøs. Styrd utskifting av middel til alternativ med betre helse og miljøprofil har vore sterkt medverkande til reduksjonen i førre planperiode. No er ein i sterkare grad avhengig av tett og godt samspel med næringa for å nå målet.

Informasjon og kunnskapsauke blir viktige stikkord for å lukkast. Gjennom autorisasjonsordninga og funksjonstest av alt plantevernutstyr, vil ein nå dyrkarane med vesentleg informasjon som sikrar rett plantevern, og rett bruk av plantevernutstyret. Det er viktig at alt aktuelt plantevernutstyr blir med i testordninga. Kursmaterialet må vere slik at brukaren tileignar seg stoffet for praktisk bruk. Internett kan vere eit godt alternativ i kunnskapsformidlinga.

Vidareføring av VIPS er eit viktig tiltak. For å oppnå best mogeleg resultat må informasjonen knytast til lokal rådgjevingsteneste. Her vil eit samarbeid med HAGIS, eit informasjonssystem for hagebruk utvikla av Vestlandsforskning, kunne gje eit vesentleg lyft i nytteverdien. Dersom dette samspelet blir utvikla får planteproducenten eit nyttig verktøy til å sikre eit miljøvenleg og effektivt plantevern, basert på varsling og prognosar knytt opp med lokal rådgjevingkunnskap. Ved å ta i bruk standardverktøyet DigiMaker vil publisering av informasjon og faglege tilrådingar kunne gjerast lokalt med basis i informasjon som rådgjevarane får gjennom VIPS-systemet. Ferdig utvikla vil dette systemet

gjere rådgevinga enkel og effektiv og opne for overføring av kunnskap mellom regionane. *Handlingsplanen bør ta sikte på å få på plass eit slikt nettbasert varslings- og rådgevingsverktøy i planperioden.*

Integrert plantevern blir eit viktig hjelpemiddel for å nå målsetjinga. Her er det behov for meir kunnskap gjennom målretta forsking, og effektiv opplæring liknande det ein hadde innan integrert plantevern i frukt tidleg på 90-talet. Også her kan Internett komme til nytte.

Tilgang på nye middel med god helse- og miljøprofil blir eit viktige element for å nå målet i den nye handlingsplanen. Det bør vurderast om *"Tilgang på miljøvenlege og effektive middel med liten helserisiko"* skal inn som eige kulepunkt under tiltak og verkemiddel. Godkjenningsordninga fungerer tilfredsstillande dersom søknaden har med naudsynt dokumentasjon. I enkelte høve vil dokumentasjonskostnaden bli så høg i forhold til stipulert omsetnad at preparatet ikkje blir søkt godkjent i Noreg. Det bør vurderast om miljøavgifta på plantevernmiddel kan brukast for å hjelpe på dette problemet. Avgifta bør i sterkare grad vere med og finansiere utprøving av nye middel og eventuelle restanalysar ved bruksutviding av godkjende preparat. Det kan også vere aktuelt med ei finansieringsordning for "non-profit" import av plantevernmiddel. Dermed kan næringa i nokon grad unngå å bli avhengig av kommersielle importørar for å få inn nye plantevernmiddel for godkjenning.

Det bør også vurderast ein strategi der det blir lettare tilgang til middel under statskontrollert planteoppal, og dermed mindre fare for smittespreiing med småplantene. I dag har vi klare eksempel på at forbod mot enkelte plantevernmiddel i oppalet av jordbærplanter har ført til vesentleg meir sprøyting i jordbærråkeren ute hjå produsentane.


Elles er vi godt nøgde med forslaget om at det blir etablert ei bransjeordning med forskriftsfesta returplikt for ukurante restar av plantevernmiddel. Dette vil lette situasjonen for bonden og redusere faren for at gamle plantevernmiddel kjem på avveggar.


Oppsummering

Vi er i all hovudsak samd med evalueringa av handlingsplanen i førre periode og målsetjingane i komande periode. Vi har likevel nokre konkret forslag til endringar:

- Generelt sett bør kunnskapsformidling gjennom Internett verte sterkare framheva
- Handlingsplanen bør ta sikte på å få på plass eit nettbasert varslings- og rådgevingsverktøy i planperioden, til dømes gjennom eit samarbeid mellom VIPS og HAGIS
- Det bør vurderast ein strategi for som opnar for lettare tilgang for yrkesdyrkarane til miljøvenlege, effektive plantevernmiddel med låg helserisiko
- Det bør også vurderast ein strategi der det blir lettare tilgang på kjemiske middel for statskontrollert planteoppal, og dermed mindre fare for smittespreiing med småplantene.

Med helsing


Christian Rekkedal
fylkesjordsjef


Torbjørn Takle
rådgjevar